

Tips til søknadsprosessen

Ein velformulert og godt utarbeidd projektskildring gjer at du stiller sterkare i søknadsprosessen. Start med å utvikle projektet. Ikkje skriv søknaden før du har ein klar i idé om kva målet med projektet er og korleis forskinga skal kome til nytte. Her er våre viktigaste tips.

Les heile utlysinga før du begynner å tenke på å skrive søknaden

Å skrive ein søknad kan være tidkrevjande, så det er viktig ikkje å overse noko undervegs og dermed snuble på målstreken.

Bruk Forskringsrådet sitt verktøy for projektavklaring

Forskringsrådet har utvikla verktøy for projektavklaring "prosjektkanvas" som vi anbefaler å bruke når du skal utvikle forskings- og utviklingsprojektet.

For bedrifter: Forskringsrådet sin [prosjektkanvas for næringslivet](#)

For kommunar: Forskringsrådet sin [prosjektkanvas for offentlig sektor](#)

Opprett søknad tidleg og gjer deg kjent med søknadsskjemaet

Opprett søknad tidleg slik at du bli kjent med søknadsskjemaet. Søknadsskjemaet og projektskildringa heng nøye saman.

Les rettleiingsteksta i mal for projektskildring nøye fleire gonger.

Sjekk utlysinga på nytt før innsending

Gå tilbake til utlysinga og sjekk krav og andre føringar på nytt før du sender søknaden. Hugs spesielt å sjekke om du har med alle obligatoriske vedlegg og at projektskildringa er i tråd med malen. Projektskildringa har ein tendens til å leve sitt eige liv etter kvart, spesielt når fleire personar er involvert i søknadsprosessen.

Bedrifter kan kontakte kompetansemeklar for hjelp

Ein kompetansemeklar i FORREGION Vestland kan hjelpe bedrifter til å gå frå idé til problemstillingar for forskning i utviklingsprojekt/prosesser og finne rett forskingspartner.

Les meir om tilbodet på [Vestland fylkeskommune si nettside](#).

Ta gjerne kontakt med oss i sekretariatet.

Publisert 3. mai 2020

Last ned  Del 

Meldinger ved utskriftstidspunkt 4. juni 2026, kl. 23.29 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.